

BACHELOROPPGÅVE

Ein analyse av enkeltpersonføretaket Frisøren Oddrun Høyheim

av

Solfrid Tuften - kandidatnummer 11
Siv Kristin Torvund - kandidatnummer 26



Økonomi og administrasjon
KA691
Mai 2009

FØREORD

Denne oppgåva er skriven av to studentar som ei avslutning på bachelorstudiet i økonomi og administrasjon ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Oppgåva utgjer 15 studiepoeng, og representerar halvparten av arbeidsmengda i sjette og siste semester.

Me har brukt fagkunnskapar me har tileigna oss i løpet av bachelorstudiet, og det mest sentrale i denne oppgåva er rekneskapsanalyse, skatterett og føretaksstrategi.

Det har vore svært interessant og lærerikt å arbeide med oppgåva. Me starta i januar og vart ferdig i mai, og har arbeidd regelmessig med oppgåva gjennom semesteret.

Me vil rette ei stor takk til Oddrun Høyheim for at me fekk bruke verksemda hennar i oppgåva. Ho har vore svært hjelpsam med nødvendige opplysningar, og teke seg tid til å snakke med oss, og svara på e-postar når me har hatt spørsmål. I tillegg har rekneskapsfører Kari Hov ved Luster Rekneskapslag vore til stor hjelp med å skaffe oss dei nødvendige rekneskapspapira.

Me vil også takke Sverre Høgheim ved Høgskulen i Sogn og Fjordane for god rettleiing og hjelp gjennom skriveprosessen. Takk også til Helge Svendsen som har vore til stor hjelp med spørsmål me har hatt i tilknytning til skatt.

Solfrid Tuften

Siv Kristin Torvund

SAMANDRAG

I vår bacheloroppgåve har me jobba med enkeltpersonføretaket Frisøren Oddrun Høyheim.

Me har tre hovuddelar i oppgåva. Den fyrste delen inneheld ein rekneskapsanalyse, der me har innhenta informasjon og talmateriale om Frisøren hjå Luster Rekneskapslag. Deretter har me rekna ut ulike nøkkeltal og kommentert desse.

I den andre delen har me sett på to ulike selskapsformer. Det er enkeltpersonføretak, som Frisøren er no, og aksjeselskap, som Frisøren vurderer å skifte til. I denne delen har me og sett på skatteverknaden i dei to ulike selskapsformene.

I tredje og siste hovuddel har me føreteke ein SWOT-analyse. Her har me sett på dei sterke og svake sidene internt i Frisøren, i tillegg til moglegheitene og truslane eksternt.

I tillegg til dei tre hovuddelane har me ei innleiing med bakgrunn for val av oppgåva, problemstillingane våre og historikken i Frisøren. Me har og eit metodekapittel, der me gjer greie for korleis me har innhenta informasjonen til denne oppgåva. Som avslutning har me ei oppsummering og ein konklusjon.

ABSTRACT

This bachelor thesis contains three parts.

The first part is a financial statement analysis of “Frisøren”, where Oddrun Høyheim is the self-employed person.

In the second part we have compared two different forms of business organization. The hairdresser Oddrun Høyheim is now a self-employed person, and is considering changing her form of business into a private limited company. In this part we have also compared the tax effects of the two forms of organization.

The third and last part is a SWOT-analysis of Oddrun’s company. We have identified strengths, weaknesses, opportunities and threats.

In addition to the three main parts, we have written an introduction, which contains the problems we wanted to solve in the assignment, and the history of “Frisøren”.

There is also a chapter containing our research methods. Finally we have summed up and made our conclusions.

INNHALD

FØREORD	2
SAMANDRAG	3
ABSTRACT	4
1. INNLEIING.....	7
Bakgrunn for val av oppgåve.....	7
Problemstillingar	7
Historikk	8
2. METODE	11
Primærdata.....	11
Sekundærdata.....	11
Kvalitativ metode	11
Kvantitativ metode	12
Gjennomføring og val av metode	12
3. REKNESKAPSANALYSE.....	13
Rentabilitetsanalyse	13
Likviditetsanalyse	14
Soliditetsanalyse	16
Resultatrekneskap.....	17
Balanse.....	18
Kommentarar til resultatrekneskapen og balansen	19
Utrekna nøkkeltal med kommentarar	21
Utviklinga frå oppstarten til no.....	30
4. SELSKAPSFORM	32
Aksjeselskap	32
Enkeltpersonføretak.....	33
Skattereglar	34
Overgangen frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap	39
Delkonklusjon.....	47
5. SWOT-ANALYSE.....	49
Internt – Sterke sider(S) og Svake sider (W).....	49
Eksternt – Moglegheiter (O) og Truslar (T)	50
Gjennomføring av SWOT-analyse	51
Sterke sider	52
Svake sider.....	54

Moglegheiter.....	55
Truslar.....	57
6. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	60
KJELDER.....	61
VEDLEGG	63

1. INNLEIING

Bakgrunn for val av oppgåve

Då me skulle velje tema for bacheloroppgåva vår, var det økonomi og økonomistyring som var mest interessant å arbeide med for oss. Valet av bedrift var enkelt, fordi Solfrid kjenner Oddrun Høyheim som driv Frisøren, og visste at ho lenge har snakka om den økonomiske sida av det å drive bedrift, i tillegg til problemstillingar knytte til skatt og selskapsform.

Det har vore enkelt å skaffe seg dei nødvendige opplysningane om bedrifta, og rekneskapsdata, sjølv om me brukte ein del tid på å sortere ut relevant informasjon frå rekneskapa.

Problemstillingar

Det me ynskjer å belyse med denne oppgåva er fylgjande:

Rekneskapsanalyse – Korleis har den økonomiske utviklinga til Frisøren vore frå oppstarten til no?

Frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap – Kva er dei økonomiske konsekvensane av å endre selskapsform frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap, og bør Oddrun vurdere ein slik overgang?

SWOT-analyse – Kva er dei sterke og svake sidene, og mogelegheitene og truslane til Frisøren?

Historikk

Frisøren Oddrun Høyheim er eit enkeltpersonføretak som vart oppretta den 1 juli 2002, med føremål å driva frisørtenester. Salongen held til i 2-høgda i butikksenteret Pyramiden i Gaupne. Pyramiden vart offisielt opna i august 1985. Det er no 15 butikkar i senteret, i tillegg til ein del tenestebedrifter og kontor. I dei to bygga i Pyramiden er det til saman ca. 4000 kvadratmeter. Det er ca. 1000 innbyggjarar i kommunesenteret Gaupne, og knappe 5000 i Luster kommune.

Det vart drive frisørsalong i dei same lokala før. Denne salongen vart etablert då Pyramiden opna i 1985, og vart driven av Anna Fredheim fram til Oddrun kjøpte den i 2002. Oddrun tok sveinebrev i damefrisørfaget i 1989, og vart same år tilsett hjå Annas Frisør. Ho jobba der heilt til ho overtok salongen. Ho kjøpte salongen for kr 200 000,-. Denne summen vart nedbetalt med kr 20 000,- to gonger i året i fem år. I tillegg kjøpte Oddrun varelageret kontant ved overtakinga.

Frisøren driv med vanlege frisørtenester som klipp, farge og permanent, og har sal av hårprodukt til heimebruk. Dei sel og sminke, og dei har kundar som kjem og kjøper makeuptenester hjå dei. Dei utfører hairextension og øyrepiercing for kundane sine. Hairextension er sveising av falskt hår som blir sveist på det ekte håret. I 2004 starta dei med "solspray". Dette er eit produkt, der kundane får spray på kroppen for å bli brune. Denne behandlinga føregår i eit "dusjkabinett". Fargen er haldbar i ca. 1 veke. Frisøren har no slutta med dette tilbodet. Dei har i staden sal av spray på boks, som kundane kan bruke heime sjølv. Frisøren har og tilbod på pynting av brud og brudgom. Dei utfører då hårpynting og makeup. Vanlegvis er det ein prøvetime nokre veker før, slik at brudeparet blir nøgde på den store dagen. I 2003 starta Frisøren med manikyrtenester. Falske negler blir støypt på dei ekte neglene, for å forlenge dei og gje dei ein flott utsjånad. Her blir det og oppfølgingstimar for å reparere og halde ved like neglene.

Pyramiden senter arrangerer kvar haust moteframsyningar der dei syner fram nye haustmotar innan klede, sko, smykke, sminke og hår. Frisøren stiller då opp og friserer og sminkar modellane. Dette blir gjort gratis.

I juni 2006 starta Stine Walderhaug som frisørlærling hjå Frisøren. Ho var lærling i 2 år, før ho fekk sveinebrev i damefrisørfaget. Stine fekk fast jobb hjå Frisøren etter at ho fekk sveinebrevet.

Frisøren brukar Luster Rekneskapslag som rekneskapsfører for bedrifta. Oddrun betalar rekningane sjølv og overlet resten av rekneskapen til Kari Hov hjå Luster Rekneskapslag. Sidan Frisøren er eit enkeltpersonføretak er dei berre bokføringspliktige, og ikkje rekneskapspliktige.

Logoen til Frisøren blir brukt i samband med marknadsføring av bedrifta, og på klisterlappar på produkta. Det er og logo på veggene i salongen på Pyramiden.

Hovudvekta av kundegrnlaget til Frisøren er frå Luster kommune.



Oddrun Høyheim i salongen

2. METODE

Metodedelen er bygd på Jacobsen (2005) og Hellevik (2002).

Metode kjem frå uttrykket *methodos*, som tyder å følgje ein bestemt veg mot eit mål. Ein metode er ein framgangsmåte, eit middel til å løyse problem og komme fram til ny kunnskap (Hellevik, 2002, s.12). Det finst tre metodar å velje mellom: kvantitativ, kvalitativ og metodetriangulering.

Primærdata

Primærdata er data forskaren sjølv samlar inn for å belyse ei spesiell problemstilling, det vil seie at opplysningane er samla inn for første gong, og direkte frå menneske. Ein får tak i primærdata gjennom å gjennomføre intervju, observasjonar eller nytte seg av spørjeskjema.

Sekundærdata

Sekundærdata kan vere både kvalitative og kvantitative, og er data som er samla inn av andre enn forskaren. Kvalitative sekundærdata vil kunne samlast inn som tekstar, medan ein ved bruk av kvantitative sekundærdata samlar inn eksisterande statistikkar, rekneskap, årsrapportar og liknande. Sekundærdata kan ofte vere data som i første omgang vart samla inn for eit anna formål enn det forskaren no skal bruke dei til.

Kvalitativ metode

Kvalitativ metode er erfaringar i form av ord, bilete og lyd, og ein vel denne tilnærminga når me ynskjer ei nøyaktig framstilling av korleis menneske forstår og tolkar ein situasjon. Fordelen med kvalitativ metode er at det er få avgrensingar i svarea ein kan få frå respondentane, og det er svært ope kva som kan komme fram i intervju. Ulempa er at dette er ein ressurskrevjande metode som kan ta lang tid, noko som fører til at ein må nøye seg med få respondentar.

Den mest vanlege måten å samle inn kvalitative data på, er gjennom intervju og samtalar. Det kan dreie seg om opne samtalar, eller intervju der ein følgjer oppsette intervjuguidar. Dette kjem an på graden av openheit og strukturingsgrad.

Kvantitativ metode

Kvantitative data er data i form av tal. Fordelen med slike data er at det er standardiserte data som er lette å behandle ved hjelp av dataverktøy. Det er ofte mindre ressurskrevjande å samle inn kvantitative data, noko som fører til at ein lettare kan spørje fleire respondentar og få eit representativt uval. Ulempa er at ein lett får eit overflatisk preg på undersøkinga, fordi det er vanskeleg å gå i djupna.

Gjennomføring og val av metode

I vår oppgåve har me brukt både primær- og sekundærdata. Me har hatt eit personleg intervju med Oddrun, og henta inn primærdata på denne måten. Intervjuet var lite strukturert, noko som vil sei at me i tillegg til førebudde spørsmål, utforma oppfølgingsspørsmål etter kvart som me prata med ho. Me har også hatt kontakt med ho gjennom telefon og e-post. Me har og hatt samtalar med rekneskapsfører Kari Hov.

Rekneskapstala er sekundære data som er henta inn frå Luster Rekneskapslag. Teori frå pensumbøker og anna faglitteratur har også vore ei kjelde til sekundærdata.

Me har nytta både kvalitativ og kvantitativ metode. Kvantitative data er data i form av tal, i denne oppgåva vil det seie rekneskapsdata. Den kvalitative delen av oppgåva byggjer på intervju og faglitteratur.

3. REKNESKAPSANALYSE

Denne delen av oppgåva er basert på Tellefsen og Langli (2006) og Sættem (2006).

Rentabilitetsanalyse

Resultatgrad

Resultatgraden fortel om lønsemd og bedrifta si innteningsevne, altså kor stor grad av inntektene som er forteneste.

$$\text{Resultatgrad} = \frac{\text{Ordinært resultat før skatt} + \text{Rentekostnad}}{\text{Driftsinntekter}}$$

Kapitalen sin omløpsfart

Dette forholdstalet fortel kor mange inntektskroner ein oppnår per investert krone, altså kor mange gonger per år bedrifta sin samla kapital sirkulerer i kretsloopet.

$$\text{Kapitalen sin omløpsfart} = \frac{\text{Driftsinntekter}}{\text{Gjennomsnittleg total kapital}}$$

Totalkapitalrentabilitet

Totalkapitalrentabiliteten fortel kor stor inntening bedrifta har hatt på den totale kapitalen (balansesummen). Det vil seie at me ser på verdiskapinga balansen si egedelsside har generert i løpet av perioden. Forholdstalet viser endring i resultat, kapitalen eller begge delar.

$$\text{TKR} = \frac{\text{Ordinært resultat før skatt} + \text{Rentekostnader} \times 100}{\text{Gjennomsnittleg total kapital}}$$

Eigenkapitalrentabilitet

Dette forholdstalet viser avkastinga på eigarane sine investeringar i bedrifta.

Eigenkapitalrentabiliteten er eit uttrykk for kor mykje pengar bedrifta tener i forhold til eigenkapitalen.

$$\text{Eigenkapitalrentabilitet} = \frac{\text{Årsresultat} \times 100}{\text{Gjennomsnittleg eigenkapital}}$$

$$\text{Eigenkapitalrentabilitet} = \frac{\text{Resultat før skatt} \times 100}{\text{Gjennomsnittleg eigenkapital}}$$

Likviditetsanalyse

Likviditetsgrad 1 og 2

Likviditetsgrader måler bedrifta sin likviditet, det vil seie bedrifta si evne til å innfri økonomiske forpliktingar ved forfall.

$$\text{Likviditetsgrad 1} = \frac{\text{Omløpsmidlar}}{\text{Kortsiktig gjeld}}$$

$$\text{Likviditetsgrad 2} = \frac{\text{Mest likvide omløpsmidlar}}{\text{Kortsiktig gjeld}}$$

Omløpsmidlar er den delen av balansen som består av pengar og andre egedelar som innan eitt år kan gjerast om til kontantar. Dette kan vere kontantar og bankinnskot, kundefordringar og varelager. Når me snakkar om dei mest likvide omløpsmidlane, er varelageret trekt ut. Dette er fordi varelageret ikkje er like lett å omsette på kort tid, som resten av omløpsmidlane.

Arbeidskapital

Differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er arbeidskapitalen. Arbeidskapitalen kombinerer faktorane som er avgjerande for ei bedrift sin likviditet på kort sikt. Ved å sjå arbeidskapitalen i prosent av omsetnaden kan me lettare sjå om arbeidskapitalen er fornuftig dimensjonert i forhold til aktivitetsnivået.

$$\text{Arbeidskapital} = \text{Omløpsmidlar} - \text{Kortsiktig Gjeld}$$

$$\text{Arbeidskapital i \% av omsetnad} = \frac{\text{Arbeidskapital} \times 100}{\text{Driftsinntekter}}$$

Kredittid leverandørar

$$\text{Leverandørane si kredittid (i dagar)} = \frac{\text{Gj. snittleg Leverandørgjeld} \times 360 \text{ dagar}}{\text{Varekjøp på kreditt (inkl. mva)}}$$

Kredittid kundar

$$\text{Kundane si kredittid (i dagar)} = \frac{\text{Gj. snittlege Kundefordringar} \times 360 \text{ dagar}}{\text{Sal på kreditt (inkl. mva)}}$$

Soliditetsanalyse

Eigenkapitalandel

Eigenkapitalandelen viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital. Jo større dette talet er, desto betre er bedrifta sin soliditet.

$$\text{Eigenkapitalandel} = \frac{\text{Eigenkapital}}{\text{Totalkapital}}$$

Rentedekningsgrad

Rentedekningsgraden seier noko om tryggleiksmarginen til långjevarane, og er eit mål på om låntakaren er i stand til å innfri renter og avdrag til rett tid.

$$\text{Rentedekningsgrad} = \frac{\text{Ordinært resultat før skatt + rentekostnader}}{\text{Rentekostnader}}$$

Gjeldsgrad

Gjeldsgraden fortel kor stor andel av egedelane som er finansiert med gjeld, eller med andre ord kor mange kroner gjeld det er per krone med eigenkapital. I tilfelle med gjeldsgrad lik null, har ikkje bedrifta gjeld, og dermed ingen risiko for konkurs.

$$\text{Gjeldsgrad} = \frac{\text{Gjeld}}{\text{Eigenkapital}}$$

Resultatrekneskap

(Negative tal er inntekter medan positive tal er kostnader)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Arbeid	-304 314,55	-579 207,35	-534 249,24	-580 732,80	-719 155,20	-819 955,20	-886 694,40
Sal frå salong	-86 442,78	-142 392,04	-117 439,55	-163 675,92	-156 866,40	-172 547,20	-173 002,40
Salsinntekter	-390 757,33	-721 599,39	-651 688,79	-744 408,72	-876 021,60	-992 502,40	-1 059 696,80
Tilskot	-20 000,00			-21 362,50	-44 050,00	-22 862,00	-4 750,00
Anna driftsinntekt	-20 000,00			-21 362,50	-44 050,00	-22 862,00	-4 750,00
Driftsinntekter	-410 757,33	-721 599,39	-651 688,79	-765 771,22	-920 071,60	-1 015 364,40	-1 064 446,80
Varekjøp	85 453,22	169 960,65	156 652,24	177 886,90	162 400,15	151 945,69	164 803,48
Behaldingsendring	0,00	-22 656,00	22 278,00	-6 220,00	-28 828,00	-8 655,00	19 204,00
Varekostnad	85 453,22	147 304,65	178 930,24	171 666,90	133 572,15	143 290,69	184 007,48
Brutto fortjeneste	-325 304,11	-574 294,74	-472 758,55	-594 104,32	-786 499,45	-872 073,71	-880 439,32
Løn	37 080,00	74 025,00	0,00	34 288,80	86 409,25	167 332,60	214 909,50
Feriepengar	3 782,16	7 550,55	0,00	3 660,70	8 813,70	17 067,89	21 920,78
Arbeidsgjevaravgift	3 930,48	8 247,54	800,00	3 596,42	9 530,06	18 671,48	28 142,06
Obligatorisk tenestepensjon					8 160,00	9 518,50	10 753,82
Lønskostnad	44 792,64	89 823,09	800,00	41 545,92	112 913,01	212 590,47	275 726,16
Avskrivning AM	40 000,00	40 000,00	40 000,00	40 000,00	40 000,00	0,00	0,00
Annan driftskostnad	66 659,03	119 406,40	105 529,77	115 744,20	152 828,02	164 367,71	152 743,82
Sum driftskostnader	151 451,67	249 229,49	146 329,77	197 290,12	305 741,03	376 958,18	428 469,98
Driftsresultat	-173 852,44	-325 065,25	-326 428,78	-396 814,20	-480 758,42	-495 115,53	-451 969,34
Renteinntekt	-342,00	-2 798,00	-117,00	-1 377,00	-200,00	-219,00	-5 626,35
Sum finansinntekter	-342,00	-2 798,00	-117,00	-1 377,00	-200,00	-219,00	-5 626,35
Rentekostnad	3 153,00	18,51	9,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finanskostnader	3 153,00	18,51	9,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto finansposter	2 811,00	-2 779,49	-108,00	-1 377,00	-200,00	-219,00	-5 626,35
Årsresultat	-171 041,44	-327 844,74	-326 536,78	-398 191,20	-480 958,42	-495 334,53	-457 595,69

Balanse

	IB 2002	UB 2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Goodwill	200 000	160 000	120 000	80 000	40 000	0	0	0
Sum anleggsmidler	200 000	160 000	120 000	80 000	40 000	0	0	0
Varer	46 000	44 877	67 533	45 255	51 475	80 303	88 958	69 754
Kundefordringar			4 000	4 000	-1 500	-304		
Gåvekort						2 140		
Kasse	789	147	655	352	1 600	2 186	547	734
Kort						-1	0	0
Skattetrekkkonto	8 260	3 813	1 682	-10	1 013	3 535	8 830	21 938
Luster sparebank		0	82 772	109 662	149 026	149 026	124 026	168 899
Sum omløpsmidlar	55 049	48 837	156 642	159 259	201 614	236 885	222 361	261 325
Sum egedelar	255 049	208 837	276 642	239 259	241 614	236 885	222 361	261 325
Eigenkapital	-85 613	-171 041	-95 365	-95 365	-179 552	-205 743	-174 319	-174 319
Privat		164 139		130 456	229 901			301 512
Private forsikringar				792				
Skatt				110 885	125 468			199 000
Berekna resultat				-326 537	-398 191			-457 596
Annan eigenkapital	0	164 139	0	-84 404	-42 822	0	0	42 916
Sum eigenkapital	-85 613	-6 903	-95 365	-179 769	-222 374	-205 743	-174 319	-131 403
Kortsiktig gjeld	-169 436	-201 934	-181 277	-59 490	-19 240	-31 143	-48 042	-129 922
Sum EK/gjeld	-255 049	-208 837	-276 642	-239 259	-241 614	-236 885	-222 361	-261 325

Kommentarar til resultatrekneskapen og balansen

Tala som kjem fram av resultat og balanseoppstillinga i denne oppgåva, er henta frå talmaterialet me har fått frå Luster Rekneskapslag. Me har fått tal frå oppstarten i 2002 til og med 2008. Det har i denne perioden vorte bytt rekneskapsystem i Luster Rekneskapslag, noko som har ført til litt ulike føringsmetodar frå år til år. På grunn av dette, og uregelmessig kontobruk/klassifisering, har det skapt ekstra arbeid når me skulle sette opp ei fullstendig oversikt over balanse og resultat for alle åra. Oppstillingane ser derfor litt ”rotete” ut, men dette er ikkje noko me kan endre på utan at det går ut over talmaterialet. Til dømes er nokre kontoar i bruk berre nokre år i balanseoppstillinga. Tala for 2002 omfattar juli til desember, altså berre eit halvt år.

Driftsinntekter

Med unntak av 2004 har driftsinntektene auka kvart år. Grunnen til nedgangen dette året kan vere at det ikkje var andre tilsette i salongen enn Oddrun sjølv, noko som førte til mindre arbeidskapasitet.

Lønskostnader

I 2002 og 2003 var det ein deltidstilsett i salongen. I 2004 var det ingen tilsette, og hausten 2005 vart det tilsett ein lærling. Ein lærling er under utdanning, og har derfor ikkje full løn. Ho var ferdig med læretida sommaren 2007, og fekk fast jobb etter dette. Dette forklarar auken i lønskostnader i 2007 og 2008.

Driftsresultat

Driftsresultatet har auka frå år til år, med unntak av 2008. Dette kan kome av auka lønskostnader dette året. Frå 2005 til 2006 var det ein større auke enn dei andre åra, noko som kan forklarast med auka arbeidskapasitet på grunn av tilsett lærling, kombinert med låge lønsutbetalingar.

Årsresultat

Årsresultatet har auka kvart år med unntak av 2004 der me ser ein ubetydeleg nedgang. I 2008 ser me derimot ein litt større nedgang i årsresultatet. Dette kan forklarast med ein auke i lønskostnadene.

Goodwill


Denne summen representerar det Oddrun betalte for salongen då ho kjøpte den i 2002, og har blitt avskriven med 40 000 kvart år. Dette samsvarar med at salongen har vorten nedbetalt med 20 000 to gonger i året i fem år. Å avskrive goodwill på fem år er i seg sjølv ikkje unormalt, men her representerer goodwillkontoen alle fysiske verdier i salongen, i tillegg til det ein vanlegvis kallar goodwill. Her kunne ein kanskje delt opp i fysiske eigedelar (anleggsmiddel/omløpsmiddel) og goodwill, for å gje eit meir rett bilete av kva verdiane består av.

Utrekna nøkkeltal med kommentarar

Alle resultattal er korrigererte for leiarløn, dvs det Oddrun har teke ut til privat forbruk I 2002, som berre representerar eit halvt år med drift, har me sett opp 150 000 kr. Oddrun opplyser at ho har teke ut ca 300 000 kr per år til og med 2005, og ca 400 000 kr per år etter dette. Det er desse tala me har teke ut av driftsresultatet i utrekningane vidare.


Rentabilitetsanalyse

Resultatgrad						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
0,06	0,04	0,04	0,13	0,09	0,09	0,05




Me ser litt variasjon i resultatgraden frå år til år. Den ligg mellom 4% og 13%. Det vil seie at 4-13% av inntektene er rein fortjeneste. Me har korrigert resultatgraden for Oddrun si løn.

Kapitalen sin omløpsfart						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
1,77	2,97	2,53	3,18	3,85	4,42	4,40




Bedrifta sin samla kapital sirkulerer i overkant av 4 gonger i 2008, noko som er betydeleg meir enn i oppstartsfasen. Talet i 2002 er noko misvisande, då bedrifta starta i juli, og ein hadde såleis berre eit halvt år med drift.

Totalkapitalrentabilitet						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
10 %	10 %	10 %	40 %	34 %	41 %	21 %



Me ser ei varierende, men i hovudsak positiv utvikling. Bedrifta har hatt ei inntening på mellom 10% og 41% på den totale kapitalen. Nedgangen i 2008 kjem hovudsakleg av auke i lønskostnader.


Eigenkapitalrentabilitet						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
45 %	55 %	19 %	49 %	38 %	50 %	38 %



Med unntak av 2004 er tala jamt over svært høge, noko som tyder på god inntening i bedrifta. Dette kan forklarast med at Oddrun var aleine i salongen dette året, og at arbeidskapasiteten dermed var lågare.


Likviditetsanalyse

Likviditetsgrad 1						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
0,24	0,86	2,68	10,48	7,61	4,63	2,01



Likviditetsgraden har endra seg mykje frå år til år, noko som kjem av at den kortsiktige gjelda har endra seg. Det har vore vanleg å seie at likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2. Med unntak av oppstartsåra, har likviditetsgrad 1 vore tidvis langt over denne grensa.


Likviditetsgrad 2						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
0,02	0,49	1,92	7,80	5,03	2,78	1,47



Likviditetsgraden har endra seg mykje frå år til år, noko som kjem av at den kortsiktige gjelda har endra seg. Det har vore vanleg å seie at likviditetsgrad 2 bør vere større enn 1. Med unntak av oppstartsåra har likviditetsgrad 1 vore tidvis langt over denne grensa.

Arbeidskapital						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
-153 097,23	-24 635,14	99 768,75	182 373,82	205 742,55	174 319,33	131403,35

Arbeidskapital i prosent av omsetnad						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
-37 %	-3 %	15 %	24 %	22 %	17 %	12 %




I oppstartsåra var arbeidskapitalen negativ. Då var den kortsiktige gjelda større enn omløpsmidla. Frå og med 2004 har arbeidskapitalen vore positiv, med ein topp i 2006.

Kredittid leverandørar og kundar

På grunn av at Frisøren ikkje har mykje leverandørgjeld og kundefordringar, hadde me ikkje godt nok grunnlag for å rekne ut desse nøkkeltala.


Soliditetsanalyse

Eigenkapitalandel						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
0,03	0,34	0,75	0,92	0,87	0,78	0,50
3 %	34 %	75 %	92 %	87 %	78 %	50 %




Frisøren sine egedelar er hovudsakleg finansiert med eigenkapital. Den einaste gjelda bedrifta har, er kortsiktig gjeld, og det er endringar i denne gjelda som hovudsakleg fører til endringane i eigenkapitalandelen.

Rentedeckningsgrad						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
7,56	1368,73	2936,53	0,00	0,00	0,00	0,00



Sidan Frisøren har svært låge, og mange år ingen rentekostnader, er disse tala lite relevante. I åra med rentekostnader, tyder tala på at Frisøren er i stand til å betale renter og avdrag til rett tid.

Gjeldsgrad						
2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
29,25	1,90	0,33	0,09	0,15	0,28	0,99



Med unntak av oppstartsåret er gjeldsgraden svært låg, noko som er positivt for soliditeten til bedrifta. Låg gjeldsgrad medfører låg eller ingen risiko for konkurs.

Utviklinga frå oppstarten til no

Den økonomiske situasjonen har jamt over vore god. Sidan oppstarten i 2002, ser me ein jamn vekst fram til og med 2005 der det var ein topp. Grunnen til dei gode resultatata i 2005 var inntak av lærling, som medførte større arbeidskapasitet kombinert med tilskot og låge lønsutbetalingar. I 2008 ser me ein liten nedgang, noko som kjem av at Oddrun har teke seg meir fri etter at Stine vart ferdig utdanna og kan vere aleine i salongen. Frisøren har ein sunn økonomi med eit solid overskot kvart år. Det er ingen fare for konkurs, fordi bedrifta ikkje har langsiktig gjeld, og lite kortsiktig gjeld.

Kundegrunnlaget har vore stabilt, og me ser ingen grunn til at dette skal endre seg. Utsiktene framover er gode.

4. SELSKAPSFORM

I denne delen av oppgåva vil me ta føre oss skilnaden mellom dei to selskapsformene aksjeselskap og enkeltpersonføretak. Me vil sjå på dei ulike konsekvensane av å byte selskapsform, både når det gjeld økonomiske verknader og andre verknader.

I omtalen nedanfor byggjer me på Fallan (2007) og altinn.no (statleg nettside for næringsdrivande).

Aksjeselskap

I eit aksjeselskap har ein som eigar ikkje noko personleg ansvar for selskapet sine forpliktingar, ein kan med andre ord seie at aksjeselskapet er ein juridisk person. Aksjeselskap er også eigne skattesubjekt. Det vil seie at det etter skatteloven § 2-2 skal betalast selskapsskatt av resultatet til selskapet.

Eigarane har eit avgrensa ansvar og kan i utgangspunktet berre tape aksjekapitalen, altså det som allereie er skote inn i selskapet. Kreditorar kan berre gå på selskapet for å søke dekning for sine krav.

På grunn av det avgrensa ansvaret til eigarane, er det i aksjeloven fastsett ei rekkje reglar for korleis eigarane kan ta pengar ut av selskapet. Som aksjonær har ein høve til å ta ut pengar i form av løn, aksjeutbyte og i nokre tilfelle tilbakebetaling av innskoten kapital.

Mange etablerarar er tilsette i sitt eige aksjeselskap, og mottek løn for arbeidet. Av denne løna skal det trekkjast skatt etter skattekort som i ein kva som helst anna jobb. Det skal også betalast arbeidsgjevaravgift av bruttoløna. Fordelen er at ein som lønstakar vil få ein større sosial sikkerheit enn ein ville fått som personleg næringsdrivande. Ein kjem blant anna inn under lovreglar som sjukepengeordninga og dagpengar ved arbeidsløyse, arbeidsmiljølova, ferielova og yrkesskadeforsikring.

Dersom selskapet går med overskot etter at alle kostnader som løn, skattar, avgifter og andre driftsutgifter er dekkja, kan aksjonærane ta heile eller delar av overskotet ut som utbyte.

Når ein stiftar eit aksjeselskap, må det haldast eit stiftingsmøte og ei konstituerande generalforsamling der stiftarane av aksjeselskapet deltek. Ein må velje styre og revisor, og fastsette vedtekter for selskapet. For at selskapet skal bli formelt stifta, må ein sende inn protokoll frå stiftingsmøtet, kopi av vedtekter og erklæring frå revisor til Foretaksregisteret. Ein må ved stifting betale inn aksjekapital på minimum 100 000 kroner. Det er mogleg å dekke opp aksjekapitalen med gjenstandar i staden for pengar. Då skal revisor attestere for innskottet, og det vil vanlegvis bli kravd taksering.

Det er ei rekkje formelle krav ein må tilfredsstille når ein driv aksjeselskap. Til dømes må ein halde jamlege styremøte, og protokollføre desse. Rekneskapen må kvart år sendast inn til Regnskapsregisteret i Brønnøysund. Det må haldast generalforsamling minst ein gong per år der ein blant anna vel styre for neste år, og godkjenner rekneskap og årsmelding.

Enkeltpersonføretak

Eit enkeltpersonføretak (EPF) er ei selskapsform der ein person er eigar. For å eige eit enkeltpersonføretak må ein vere myndig. Det er mogleg å ha tilsette i enkeltpersonføretaket sitt, men viss ein har meir enn 20 årsverk, gjeld det egne krav. Det er ein person som er ansvarleg for alle forpliktingane i selskapet. Denne personen har fullt økonomisk ansvar for føretaket si gjeld, og det vert ikkje nokon skilnad på privat og selskapsrettsleg ansvar. Det er ikkje krav til eigenkapital, styre eller revisor i ei slik selskapsform.

Små enkeltpersonføretak er ikkje rekneskapspliktige, jf rekneskapslova §1-2. Vilråra for at enkeltpersonføretak ikkje skal vere rekneskapspliktige, er at ein i året samla har hatt egedelar med verdi under 20 millionar kroner, og eit gjennomsnittleg tal tilsette færre enn 20 årsverk.

Enkeltpersonføretaket kan derimot vera bokføringspliktig. Har ein plikt til å levere næringsoppgåve etter likningslova, eller omsetningsoppgåve etter meirverdiavgiftslova, har ein også bokføringsplikt, jf bokføringslova § 2, andre ledd.

EPF skal registrerast i Enhetsregisteret, jf enhetsregisterlova §4c), og det kan registrerast i Foretaksregisteret, jf foretaksregisterlova §§2-1 og 3-5.

I følgje foretaksnamneloven §3-5 må namnet på EPF innehalde eigaren sitt etternamn. EPF må ha adresse i Noreg, men eigaren treng ikkje å vera busett i Noreg.

For det arbeidet eigaren legg ned i selskapet, kan han ta ut "løn" i form av privatuttak. Det blir ikkje berekna arbeidsgjevaravgift, feriepengar og liknande av privatuttaket. Privatuttaket blir balanseført direkte (kredit - kasse og debet - eigenkapital privatuttak) og selskapet sitt resultat blir dermed ikkje belasta. For tilsette i selskapet må eigaren betala arbeidsgjevaravgift, feriepengar og liknande.

Eit EPF er ikkje eit eige skattesubjekt, dvs at overskotet i selskapet blir skattlagt som inntekt hjå eigaren.

Skattereglar

I denne delen av oppgåva vil me presentere litt teori om skatt, og blant anna sjå nærare på skatteverknaden ved å gå frå eit EPF til eit aksjeselskap. Me vil ta utgangspunkt i likninga til Oddrun Høyheim frå 2007, og bruke denne som grunnlag for vurderingane.

Teorien i denne delen av oppgåva byggjer på Fallan (2007) og Liknings-ABC (2008).

Skattestaden

Personleg skattytar yter skatt til bustadskommunen (sktl. § 3-1). Upersonlege skatteytarar yter skatt til kontorkommunen, (sktl.§ 3-2).

Skattesubjekt

Personlege skattytarar busette i riket og upersonlege skattytarar heimehøyrande i riket har full skatteplikt til Noreg, (sktl. §§ 2-1 og 2-2).

Personleg skattytar

Alle personar som er busett i riket, har full skatteplikt, jf skatteloven § 2-1. Selskap der minst ein av deltakarane har eit uavgrensa, personleg ansvar for selskapet sine forpliktingar vert ikkje rekna som eigne skattytarar. Her er det eigaren som er skattesubjektet, og er rekna som ein personleg skattytar.

Upersonleg skattytar

Upersonlege skattytarar heimehøyrande i riket, og som har eit sjølvstendig styre, har full skatteplikt i Noreg, jf skatteloven § 2-2. Her er det ikkje aksjonærane som er skattesubjektet, men selskapet sjølv. Aksjonærane er derimot skattepliktige for eventuelle utbytte eller løn dei mottek frå selskapet.

Skatteklasse

I Noreg vert personlege skattesubjekt delt inn i ulike skatteklassar.

Skatteklasse 0

Personlege skattytarar som ikkje kjem inn under skatteklasse 1 eller 2, og dødsbu for inntektsår etter dødsåret.

Fellesvilkår for

skatteklasse 1 og 2

Klasse 1 eller 2 vert fastsett berre for personlege skattytarar og dødsbu i dødsåret. For dødsbu gjeld dette berre dersom avdøde ville bli sett i klasse 1 eller 2 i gjeldande år.

Skatteklasse 1

I skatteklasse 1, vert alle som omfattast av vilkåra for klasse 1 og klasse 2, men som ikkje skal setjast i klasse 2, plassert. I klasse 1 set ein også dødsbu, dersom personen ville vorte likna i klasse 1 dersom vedkommande hadde levd.

Skatteklassse 2	I skatteklassse 2 vert fylgjande personar som omfattast av vilkåra for klasse 1 og klasse 2 plassert: <ul style="list-style-type: none"> • ektefellar som liknast under eitt • einslege forsørgjarar • dødsbu dersom personen ville vorten likna i klasse 2, dersom vedkommande hadde levd
Skatteklassse 1E	I skatteklassse 1E set ein ektepar, med eller utan barn, der inntektene til ekteparet vert likna kvar for seg.
Skatteklassse 2F	I skatteklassse 2F set ein ektepar, med eller utan barn, der den som tener minst har ei inntekt på under ca 20 000.

Skattepliktig formue

Skattepliktig formue består av skattytaren sine egedelar med økonomisk verdi. Skattepliktig formue vert fastsett til omsetnadsverdien pr 1. januar i likningsåret, jf skatteloven §4-1 første ledd. Nettoformue = bruttoformue - gjeld. Bruttoformuen er summen av alle egedelar, medan nettoformuen er fråtrekt gjeld. Det er nettoformuen som ligg til grunn for formueskatten.

Formueskatt til staten

Personleg skattytar og dødsbu svarer formueskatt til staten av den delen av skattytaren si samla formue som overstig 220 000 kroner. Satsen skal vere 0,2% av dei første 320 000 kroner, og 0,4% av det overskytande beløpet (Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2007, § 2-1).

For ektefellar som liknast under eitt for begge si formue, er beløpsgrensene det dobbelte.

Formueskatt til kommunen

Det skal svarast formueskatt til kommunen ein har formue i, dersom den samla formuen overstig 220 000 kroner for personleg skattytar som liknast åleine, og 440 000 kroner for ektefellar som liknast under eitt for begge si formue. Satsen for formueskatt til kommunane må ikkje overstige 0,7%. (Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2007, § 2-2).

Skattepliktig inntekt

Det er to berekningsgrunnlag for skattepliktig inntekt: allmenn inntekt og personinntekt.

Personinntekt vert berekna berre for personlege skattytarar, medan allmenn inntekt vert berekna både for selskap (upersonlege skattytarar) og personlege skattytarar. Allmenn inntekt er berekningsgrunnlag for nettoskattane (kommuneskatt og fellesskatt til staten), og personinntekt er grunnlaget for bruttoskattane (trygdeavgift og toppskatt).

Trygdeavgift

Medlemsavgifta til folketrygda kallar me trygdeavgifta. Trygdeavgifta vert berekna etter tre satsar:

- Låg sats 3,0%
- Mellomsats 7,8%
- Høg sats 10,7%

Låg sats gjeld for mottakarar av pensjonar (unnateke barnepensjon til barn under 17 år), føderåd i jord- og skogbruk, livrenter som ledd i pensjonsordningar i arbeidsforhold, personinntekter for skattytarar under 17 år eller over 69 år og introduksjonsstønad for nyankomne innvandrarar.

Mellomsatsen gjeld lønnstakarar mellom 17 og 70 år, men også ved næringsinntekt frå primærnæringane. Berekningsgrunnlaget for trygdeavgift – mellomsats – er lønnsinntekter osv, rehabiliteringspengar, attføringspengar tidsbestemt uførestønad og persondel av næringsinntekt frå primærnæringar og for dagammaer som driv verksemd i eigen heim.

Høg sats gjeld for personlege næringsdrivande i enkeltpersonføretak, unnateke dei som skal betale mellomsatsen. Berekningsgrunnlaget for trygdeavgift – høg sats – er berekna personinntekt frå enkeltpersonføretak.

Personinntekt under 39 600 er avgiftsfri. Overstig inntekta 39 600, skal det også reknast avgift av inntekt under dette beløpet, men trygdeavgifta skal aldri overstige 25% av den delen av inntekta som er over 39 600.

Toppskatt

Etter skattereforma i 1992 vart toppskatten progressiv. Det vil seie at skattesatsen aukar når inntekta aukar. Satsane i 2007 var 0,0% av personinntekt inntil kr 400 000, 9,0 % av personinntekt mellom 400 000 kroner og 650 000 kroner og 12% av den delen av personinntekta som overstig 650 000 kroner.

Overgangen frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap

Her vil me sjå på dei ulike konsekvensane dersom Frisøren vel å endre selskapsform frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap. Ved ein slik overgang får ein både nye plikter og nye rettar.

Stifting

Når ein stiftar eit aksjeselskap, må ein opprette eit stiftingsdokument som blant anna skal innehalde vedtektene til selskapet, jf aksjeloven § 2-1 – 2-3. Selskapet må også ha eit styre. I tilfelle der styret berre har eitt medlem, vert denne personen styreleiar. Ein må avhalde faste styremøte, og protokollføre desse.

Ved overgang frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap, må ein betale stiftingskostnader på ca 10 000 kroner. Dette er ein eingongskostnad, og me tek derfor ikkje med desse i utrekningane vidare.

Det er eit minstekrav om aksjekapital på 100 000 kroner, jf aksjeloven §3-1 (1). Dette kan vere i reine pengar eller i egedelar. For Frisøren sin del er det allereie ein eigenkapital på over 100 000 kroner.

Rekneskapsplikt

Frisøren vil, i staden for å vere bokføringspliktig, verte rekneskapspliktig etter rekneskapslova § 1-2. Dette vil seie at det må utarbeidast resultat, balanse, årsrekneskap og årsmelding. Som bokføringspliktig treng ein berre å utarbeide årsrekneskap. Sidan Luster Rekneskapslag allereie utarbeider resultat og balanseoppstillingar for Frisøren, trengst berre årsmeldinga i tillegg. Men som aksjeselskap må rekneskapen godkjennast av revisor, og dette blir ein ekstrakostnad på ca 15 000 kroner.

Rettar som tilsett

Når ein driv eit aksjeselskap og sjølv jobbar i selskapet, vert ein rekna som tilsett, og er definert som arbeidstakar i folketrygdlova. Dette medfører blant anna rett til sjukepengar og dagpengar dersom ein skulle bli arbeidsledig – t.d. ved ein konkurs. Driv ein eit enkeltpersonføretak, er ein definert som sjølvstendig næringsdrivande, og ein må teikne eiga forsikring for å oppnå dei same rettane.

Skattenøytralitet

Før skattereforma i 1992 fokuserte Aarbakkeutvalet (skattereformutvalet) på nøytralitet med omsyn til skattlegging av skatt på arbeid og skatt på kapital, uavhengig av kva selskapsform som var valt (NOU 1989:14).

Forslaget frå Skaugutvalet (skatteutvalet) som låg føre før skattereforma i 2004 baserte seg også på nøytralitet, men då ut frå at ein ville skattlegge utbyte frå aksjeselskap likt, uavhengig av om eigarane var aktive eller ikkje (NOU 2003:9).

Skattereglane i Noreg er altså bygde opp slik at det i teorien ikkje skal løne seg med den eine selskapsforma framfor den andre. Me vil sjå om dette stemmer i praksis.

Skatt på utbytte frå aksjeselskap er no utforma slik at samla marginalsattesats blir 48,16%. Det vert først betalt 28% skatt på resultatet i selskapet, og det som står att etter betalt skatt er disponibelt for utbytte. Det må igjen betalast 28% skatt på det som vert teke ut i utbytte.

Skatt på utbytte frå aksjeselskap	
Resultat	100
- Selskapsskatt	28
<hr/>	<hr/>
=Disponibelt for utbytte	72
- Skatt på utbytte	20,16
<hr/>	<hr/>
=Utbytte etter skatt	51,84
Resultat	100
- Utbytte etter skatt	51,84
<hr/>	<hr/>
=Total skatt	48,16

Marginalsattesats for personleg næringsdrivande vert $28\% + 10,7\% + 9\% = 47,7\%$ Skilnaden er liten, og 47,7% inkluderer også pensjonsopptening. Sjå boksen under.

Skatt i enkeltpersonføretak	
Nettoskatt	28,0 %
+Trygdeavgift anna næringsinntekt	10,7 %
+Toppskatt 1.trinn	9,0 %
<hr/>	<hr/>
=Samla skatt	47,7 %

Driv ein eit enkeltpersonføretak er det eigaren som er skattesubjektet, og er derfor definert som ein personleg skattyttar. Ein betalar skatt på berekna personinntekt og alminneleg inntekt, i tillegg til formueskatt.

Eit aksjeselskap vert rekna som eit eige skattesubjekt, og er definert som ein upersonleg skattyttar. Selskapet må betale 28% skatt på det skattepliktige resultatet. Aksjeselskap betalar

ikkje formueskatt, men aksjonærane må betale formueskatt for aksjane dei eig i selskapet, og desse representerer verdiane av egedelane i selskapet. For Oddrun Høyheim sin del vil det derfor ikkje bli endringar i formueskatten.

I 2007 betalte Oddrun 178 898 kroner i skatt. Ho vart då likna som personleg næringsdrivande. Det me no vil finne ut, er kor mykje skatt Oddrun måtte ha betalt dersom Frisøren var eit aksjeselskap. På dei fylgjande sidene har me sett opp oversikt over korleis skatten ville fordelt seg mellom aksjeselskapet og Oddrun privat ved ulike lønsuttak, og med eller utan uttak av utbyte. Dei ulike lønsuttaka me har nytta, er 250 000, 350 000 og 444 000 kroner. I samtale med Oddrun kom det fram at det mest sannsynlege lønsuttaket er 350 000 kroner. I vedlegg 1 har me rekna ut skatten på løna til Oddrun ved dei ulike lønsnivåa.

I døma med uttak av utbyte, har me sett opp maksimalt utbyte, det vil seie at heile overskotet vert teke ut. Dette er i samsvar med reglane om utbyte i aksjeloven § 8-1(2).

Tenkt løn - Oddrun	250 000	350 000	444 000
Driftsinntekter	-1 015 364	-1 015 364	-1 015 364
Varekostnad	143 291	143 291	143 291
<hr/>			
Brutto fortjeneste	-872 074	-872 074	-872 074
Andre lønskostnader	203 072	203 072	203 072
Løn og feriepenger Oddrun	250 000	350 000	444 000
Arbeidsgjevaravgift Oddrun	26 500	37 100	47 064
Obligatorisk tenestepensjon	8 688	10 688	12 568
<hr/>			
Lønskostnad	488 260	600 860	706 704
Annan driftskostnad	164 368	164 368	164 368
Sum driftskostnader	652 628	765 228	871 072
Driftsresultat	-219 446	-106 846	-1 002
Renteinntekt	-219	-219	-219
<hr/>			
Sum finansinntekter	-219	-219	-219
Rentekostnad	0	0	0
<hr/>			
Sum finanskostnader	0	0	0
Netto finansposter	-219	-219	-219
Resultat før skattekostnad	-219 665	-107 065	-1 221
Skattekostnad	-61 506	-29 978	-342
Årsresultat	-158 159	-77 087	-879

I boksen under har me laga ei samla oversikt over alle skattekostnader, både for Oddrun privat og i det tenkte aksjeselskapet Frisøren, for tre ulike lønsuttak. Her føreset me at det ikkje vert teke ut utbyte frå selskapet. Skilnaden i samla skatt er minimal mellom dei ulike lønsuttaka. Dette er fordi resultatet til selskapet blir mindre ved høge lønsutbetalingar, noko som fører til mindre skattegrunnlag i selskapet, medan skatten Oddrun må betale aukar ved høgre løn.

Samla skatt ved ulik løn - ikkje uttak av utbyte			
Tenkt løn	250 000	350 000	444 000
Skatt i Frisøren AS	61 506	29 978	342
Skatt Oddrun	70 007	105 852	139 547
Samla skatt	131 514	135 831	139 889

Samla skatt ved ulik løn - fullt utbyte			
Tenkt løn	250 000	350 000	444 000
Skatt i Frisøren AS	61 506	29 978	342
Skatt på løn Oddrun	70 007	105 852	139 547
Skatt på utbyte	42 820	20 120	0
Samla skatt	174 334	155 951	139 889

I boksen over har me laga ei samla oversikt over alle skattekostnader, både for Oddrun privat og i Frisøren AS, for dei same lønsuttaka, men her føreset me at det vert teke ut utbyte frå selskapet. Dette utbytet tilsvarar resultat etter skatt i selskapet. Me ser at det skattemessig vil løne seg å ta ut høg løn og mindre utbyte.

Skatt på utbytte er 28% av den skattepliktige delen av utbyttet, det vil seie etter skjermingsfrådrag. Sjå nedanfor:

Utbytte	158 159	77 087	879
Skjermingsfrådrag*	-5 230	-5 230	-5 230
Skattepliktig utbytte	152 929	71 857	-4 351
* Skjermingsrente 3%			

Skjermingsfrådraget = Skjermingsgrunnlag x Skjermingsrente, der skjermingsgrunnlaget er inngangsverdien til aksjane, sagt med andre ord det Oddrun har betalt for aksjane. Me føreset at inngangsverdien for Oddrun sine aksjar i Frisøren AS er lik eigenkapitalen i selskapet i 2007, altså 174 319 kroner. Skjermingsrenta var i 2007 3%.

Delkonklusjon

Den løna Oddrun har sagt er mest relevant for ho å ta ut, er 350 000 kroner i året, og det er derfor denne summen me held oss til når me skal konkludere i denne delen av oppgåva. Ho betalte i 2007 178 898 kroner i skatt. Hadde føretaket vore eit aksjeselskap, hadde den samla skatten maksimalt vore 155 951 kroner. Dette er inkludert skatt på utbytte. Utan uttak av utbytte hadde skatten vore 135 831 kroner. Dette vil seie at ho kan spare mellom 22 947 kroner og 43 067 kroner i skatt. Men denne gevinsten må målast opp mot andre årlege meirkostnader som kjem av å drive eit aksjeselskap. Dessutan vert ikkje pengane disponible når ho ikkje tek ut utbytte.

Meirkostnader i aksjeselskap i forhold til enkeltpersonføretak

Revisorhonorar	15 000
+ Arbeidsgivaravgift (10,6%)	37 100
= Sum	52 100
- Spart skatt (52 100 x 28%)	14 588
- Reduksjon i trygdeavgift (11%-7,8%)	11 200

- Spart forsikringspremie	11 000
= Sum årleg meirkostnad	15 312

I tillegg til dei økonomiske verknadane ved å byte selskapsform, må ein hugse på dei rettane som fylgjer med å vere tilsett. Dette medfører blant anna rett til sjukepengar, og dagpengar dersom ein skulle bli arbeidsledig – t.d. ved ein konkurs. Driv ein eit enkeltpersonføretak, er ein definert som sjølvstendig næringsdrivande, og ein må teikne eiga forsikring for å oppnå dei same rettane. Oddrun har i dag ei slik forsikring, og betalar årleg ca 11.000 kr for denne.

Det er altså lite å spare på å endre selskapsform for Oddrun sin del. Unnataket må vere dersom ho ynskjer å investere store summar i selskapet, og på den måten tek stor risiko. Slik situasjonen er no, er det liten risiko for konkurs, men med ei stor investering som medfører låneopptak ville det ha oppstått ein slik risiko. Det hadde då vore sikrare å drive eit aksjeselskap for å sleppe ei personleg forplikting for selskapsgjelda.

5. SWOT-ANALYSE

Denne delen av oppgåva byggjer på Løwendahl og Wenstøp (2006).

Ein SWOT-analyse er eit rammeverk for ein strategisk analyse. SWOT kan brukast til å lage ei oversikt over bedrifta sine sterke og svake sider internt, og moglegheiter og truslar eksternt, og vart utvikla av blant andre Kenneth Andrews ved Harvard Business School i 1960 åra.

S trengths	Sterke sider
W eaknesses	Svake sider
O pportunities	Moglegheiter
—	

Analysar kan hjelpe oss til å identifisere og velje strategi.

Før ein startar på ein strategisk analyse, er det til stor hjelp å definere kva som er eksternt og kva som er internt.

Internt – Sterke sider(S) og Svake sider (W)

- Finansielle ressursar
- Fysiske ressursar
- Menneskelege ressursar
- Organisatoriske ressursar
- Relasjonsressursar

Me har synlege og ikkje synlege ressursar. Synlege ressursar kan t.d. vere kontorutstyr og bygningar. Desse mister verdi ved bruk.

Pengar er også ein synleg ressurs, men vil som dei usynlege ressursane normalt ikkje gå ned i verdi, men heller ”formeire seg” pga renter. Dette gjeld ikkje i tilfelle med høg inflasjon. Usynlege ressursar, t.d. kompetanse, omdøme og relasjonar blir ikkje oppbrukte. Desse er heller ikkje noko ein ”eig” – dei tilsette tek til dømes med seg sin kunnskap dersom dei sluttar.

Det er også viktig å sjå på potensielle ressursar i tillegg til dei ressursane organisasjonen alt har. Kompetanseutvikling er ein slik potensiell ressurs.

Eksternt – Moglegheiter (O) og Truslar (T)

- Marknadsfaktorar (leverandør + kundar)
- Konkurransfaktorar (konkurrentar + substitutt)
- Politiske faktorar
- Økonomiske faktorar
- Sosialekulturelle faktorar
- Teknologiske faktorar
- Miljømessige faktorar
- Juridiske faktorar

Konkurransanalysen kan delast inn i tre trinn

- 1– Identifisere konkurransearenaen,
- 2 – Analysere eigen og andre aktørar sin posisjon, og
- 3 – Vurdere truslar og moglegheiter

Gjennomføring av SWOT-analyse

Sterke sider: <ul style="list-style-type: none">• Begge har sveinebrev• Begge trener• Lokalet• Lågare prisar enn hjå salongar på større plassar• Kort ventetid• DVD for born• Ekstern rekneskapsfører• Arbeidsmiljø	Svake sider: <ul style="list-style-type: none">• Sjukdom• Lite lokale• Lite utval av salsvarer• Ferieavvikling• Fare for utvikling av allergi
Moglegheiter: <ul style="list-style-type: none">• Oppsøke kundar utanfor salongen• Drop in• Styling til fest• Kveldsope• Nettbestilling• Elektronisk kundekartotek• Marknadsføring• Nærde kundar	Truslar: <ul style="list-style-type: none">• Konkurrentar• Auke i husleige• Misnøgde kundar• Innsyn frå kafé

Sterke sider

Begge har sveinebrev

Både Oddrun og Stine har sveinebrev i frisørfaget. Dette betyr at kundane kan vere trygge på at dei kan faget sitt. Minst ein gong i året er dei med på ulike kurs for å halde seg oppdatert på den nyaste utviklinga i bransjen, og møte andre som driv med det same.

Begge trenar

Frisøryrket er svært belastande for nakke, skuldrer og rygg. Det er viktig å aktivt førebygge skadar med til dømes trening. Både Oddrun og Stine har derfor medlemskap i Luster Treningssenter, betalt av frisørsalongen. Treninga kan føre til at dei kan halde på lenger i frisøryrket, og at dei unngår sjukmeldingar.

Lokalet

Frisøren er lokalisert i andre høgda på Pyramiden senter. Dette er ei svært sentral plassering i bygningen, som igjen ligg sentralt til i kommunesenteret Gaupne. Pyramiden inneheld både daglegvareforretning, kafé, post og andre spesialforretningar, og er ein møteplass for mange i kommunen.

Lågare prisar enn hjå salongar på større plassar

Prisnivået hjå Frisøren er lågare enn konkurrentar andre stader i landet. Salongane i Gaupne har lagt seg på same prisnivå. Me har henta inn tilfeldige priseksempel på dameklipp frå diverse salongar, og ingen har vore billegare enn Frisøren.

- Frisøren – Gaupne 270 kr
- Lilly's Frisør – Sogndal 310 kr
- Frisørloftet – Hyllestad 395 kr
- Auster Salon & Academy – Oslo 493 kr
- Xtend Frisør – Bergen 400 kr
- Tellus Frisør – Bergen 430 kr

- Lucky Frisør – Arendal 495 kr

Kort ventetid

Ventetida for timebestilling hjå Frisøren er svært kort. Vanlegvis er det 1-2 dagar ventetid, og ein kan somme tider få time på dagen. Desember og mai er travle månadar for frisørar på grunn av julebord, konfirmasjonar, nasjonaldag og liknande. Då kan ventetida koma opp i ei veke.

DVD for born

På salongen har Frisøren ein berbar DVD-spelar slik at barna kan sjå film medan dei vert klypte. Dette gjer at dei held seg i ro, og ikkje vert utolmodige. Dette er ei sterk side, fordi foreldra veit at det vert enklare å få barna til å halde seg i ro.

Ekstern rekneskapsfører

Frisøren brukar Luster Rekneskapslag til å føre rekneskap. Dette er positivt, fordi ho då veit at lover og reglar vert fylgde, og ho slepp å bruke tid på blant anna momsoppgjer og skatt. Sjølv om rekneskapsføringa er ein kostnad, kan det løne seg i lengda, då ting vert gjort rett med ein gong. Oddrun har inga utdanning i økonomiske fag, og måtte ha brukt mykje tid på å sette seg inn i lover og reglar.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet på Frisøren er i følgje Stine og Oddrun godt. Dette er noko kundane legg merke til, og gjer Frisøren til ein stad ein har lyst å vere. Samarbeidet mellom dei to er godt, og dei hjelper kvarandre gjerne dersom den eine treng å ta seg fri. Dei går godt saman også privat. Treninga tek dei ofte samstundes, i tillegg til at dei også ser kvarandre i sosiale samanhengar.

Svake sider

Sjukdom

Sjukdom er den største interne trusselen i Frisøren. Dersom ein av dei to i bedrifta vert sjuke, vert arbeidskapasiteten halvert, fordi det kan vere vanskeleg å skaffe vikar på kort varsel.

Dette betyr at dei ikkje har tid til alle kundar som har bestilt time. Langvarig sjukdom fører til store omleggingar i Frisøren. I eit slikt tilfelle må dei anten tilsette ein vikar, eller halvere den totale arbeidsmengda i salongen. Skulle Stine bli langvarig sjuk ville ho få sjukepengar frå folketrygda. Oddrun er forsikra privat, men sidan ho ikkje er tilsett i frisøren, men sjølvstendig næringsdrivande, må ho vente 16 dagar før ho får stønad frå folketrygda.

Lite lokale

Sjølv om lokalet til Frisøren ligg godt plassert, kan det verte for lite dersom Oddrun ynskjer å utvide drifta. Lokala ho har no er mogleg å utvide. Det er også mogleg å leige andre lokale i butikkssenteret. Dette vil medføre kostnad ved sjølve utbygginga eller flyttinga, i tillegg til auka husleige, då Pyramiden senter tek husleige etter tal kvadratmeter.

Lite utval av salsvarer

På grunn av at Gaupne er ei lita bygd, kan ikkje Frisøren ta inn alle moglege merke for sal i salongen. Det er satsa på hovudsakleg eitt merke, og dersom kundane ikkje likar dette merket, har ikkje Frisøren så mange alternativ. I tillegg er det mange som handlar slike produkt på Internett, noko som fører til at salet i frisørsalongar går ned.

Ferieavvikling

Sidan det berre er to frisørar i salongen, kan ferieavvikling vere eit problem. Dersom begge ynskjer å ha ferie på same tid, må salongen stengast i den perioden. Dette hindrar impuls kjøp av produkt til heimebruk, og drop in kundar. Det vert heller ikkje mogleg å bestille timar desse dagane. På same måten som ved sjukdom vert arbeidskapasiteten halvert når ein av dei har ferie. Men dette blir sjølv sagt ein litt annan situasjon då alt kan planleggast på førehand.

Sjølv om mindre arbeidskapasitet under ferieavvikling kan vere ei svak side, vil me tru at dette vil vere det same for dei fleste frisørsalongar.

Fare for utvikling av allergi

Faren for å utvikle allergi og astma har i mange år vore eit problem i frisøryrket. Det har no kome fleire betre produkt, og krava som vert stilte til produkta er betydeleg strengare. Faren for å få luftvegsplager og eksem er likevel framleis til stades, og større i dette yrket enn i mange andre.

Moglegheiter

Oppsøke kundar utanfor salongen

Ei moglegheit kan til dømes vere å reise til omsorgssenteret i Gaupne for å klippe og legge håret på dei som bur der. På denne måten når dei ut til kundar som har vanskeleg for å kome seg til Pyramiden. Dei kunne til dømes hatt ein fast dag i månaden der dei eldre kunne sette seg opp på liste, og Oddrun eller Stine kunne vore der så lenge som naudsynt. Slik kunne ein ha auka kundegrannlaget.

Drop in

Ein måte å få utnytta tida best mogleg på, er å opne for drop in kundar når det er ledig kapasitet. Ein enkel måte å gjere dette på, er å sette ut eit skilt som fortel folk som er på Pyramiden at det er ledige timar. Ved avbestillingar og ledige timar kan ein likevel nytte den kapasiteten ein har.

Styling til fest

I periodar med julebord, bryllaup og andre store tilstellingar kan Frisøren tilby full styling av kundane. Dette kan innebere oppsetting av hår, sminke og manikyr. Både Oddrun og Stine har vore på kurs for å lære å legge sminke. Oddrun driv med støyping av negler i tillegg. Stine held også på å lære dette. Sidan begge kan utføre desse oppgåvene har det ingenting å seie

kva dag folk bestiller time til dette. Oddrun og Stine jobbar annakvar laurdag, så det er ein fordel at begge kan utføre alle oppgåver. Det er også mogleg å kjøpe sminkeprodukta.

Kveldsope

Ved å halde lenger ope om kvelden når ein ut til fleire kundar. Dette kan vere folk som bur i Gaupne, men jobbar andre stader, eller folk som kjem frå andre plassar for å klippe seg hjå Frisøren. Det vert også enklare for kundane å kome innom for å kjøpe diverse produkt.

Nettbestilling

Med dette meiner me å opne opp for at kundane sjølve kan bestille og avbestille timar på Internett. Det må då utviklast ei eiga heimeside for Frisøren. For at dette skal fungere er det viktig at Oddrun og Stine legg timebestillingar dei får på telefon og i salongen rett inn på systemet, slik at dobbelbooking ikkje førekjem. For kundane sin del vert det enkelt å sjå kor tid det er ledige timar, og plukke ut den timen som passar best. Dei vil også ha moglegheit til å gå inn igjen på nettsida for å sjekke kor tid timen er, dersom dei skulle gløyme det. Ein kan legge inn mobilnummer slik at ein mottar ei tekstmelding same dag som timen er. Dersom ein får til eit slikt system, kan dette føre til færre gløymde timar, og betre utnytting av tida til frisørane.

Elektronisk kundekartotek

Eit elektronisk kundekartotek kan erstatte dagens system, som består av kundekort samla i ein arkivboks. Med å lage ein database med opplysningar om kundane, til dømes kva farge som er brukt, kan det verte enklare å finne fram i systemet, i tillegg til at ein unngår at kort forsvinn. Det er viktig å oppdatere kundeopplysningane med ein gong, slik at det som står i databasen til ei kvar tid er korrekt.

Marknadsføring

For å få fleire kundar kan auka marknadsføring vere eit bra tiltak. Optimisten som er ei gratis månadsavis utgitt av Sognefjord.net AS er ein vanleg stad å annonsere for føretak i området, og mange butikkar på Pyramiden nyttar seg av dette. Avisa kjem ut i åtte kommunar i Indre

Sogn. Her kunne Frisøren hatt annonser om sine tilbud og ulike salskampanjar, i tillegg til opningstider. Ein kunne også prøve å få redaksjonell omtale, med intervju om til dømes negledeign og feststyling.

Andre salsfremjande tiltak kan vere å ha salskampanjar på ulike produkt, gjerne i samarbeid med leverandør. Då kan ein få gode innkjøpsprisar. Folk får på denne måten moglegheit til å bli kjend med produkta utan å betale full pris, og finn dei noko dei likar er sjansen stor for gjenkjøp, sjølv om det seinare vert normal pris på produktet.

Nøgde kundar

Den beste reklamen ein kan få, er kundar som er nøgde. Det er derfor viktig å lytte til kunden sine ynske. Service er svært viktig for at kunden skal kjenne seg vel hos Frisøren, og kunden i sentrum er eit godt prinsipp.

Truslar

Konkurrentar

I dag er det to andre frisørsalongar i bygda. Den eine held til i same butikksenter som Oddrun, og er omtrent på same storleik som Frisøren. Den andre har lokale like i nærleiken, og har eit litt meir utvida tilbod enn dei to salongane på Pyramiden. Denne salongen tilbyr i tillegg til frisørtenester blant anna fotpleie, aromaterapi, aquamassage og solarium. Tre frisørsalongar på ein liten plass som Gaupne er mykje, og det er derfor hard konkurranse om kundane.

Potensielle konkurrentar er også ein trussel. Kjem det fleire nyetableringar innan same fagfelt, vil konkurransen verte hardare, og det er derfor viktig å passe på at kundane Frisøren har i dag er nøgde, og dermed vil halde seg til denne salongen også i framtida.

Auke i husleige

Ei stor husleige kan verte vanskeleg å betale for ei lita bedrift, men frisøren har inga binding på leigekontrakten sin på Pyramiden, og betalar husleige per kvadratmeter i salongen. Sidan salongen er relativt liten, er husleiga, slik me ser det, ingen stor trussel.

Misnøgde kundar

Dersom ein kunde opplever at han ikkje har fått det han har betalt for, er det lite sannsynleg at han kjem attende. Det er også mogleg at han vil fortelje andre om den negative opplevinga han hadde hos Frisøren. Å lytte til kunden sine ynske er svært viktig, og dersom ein opplever at ein kunde ikkje er nøgd, må ein gjere alt ein kan for å rette opp i dette. Den største trusselen med misnøgde kundar er at dei ikkje seier at dei ikkje er nøgde til frisøren, men i staden fortel det til venner og kjente. Det er då vanskeleg å fange opp at kunden ikkje er nøgd, og når ein ikkje veit om det, kan ein heller ikkje gjere noko for å rette opp i situasjonen.

Innsyn frå kafé

At det er godt innsyn for gjestene på kafeen inn i salongen, kan kanskje følast ubehageleg for nokre kundar. Etter at Oddrun overtok Frisøren, fekk ho døra flytta. Salongen har og persienner på glasveggene, så problemet er i stor grad eliminert.

6. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Det me ynskete å belyse med denne oppgåva var fylgjande:

Rekneskapsanalyse – Korleis har den økonomiske utviklinga til Frisøren vore frå oppstarten til no?

Frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap – Kva er dei økonomiske konsekvensane av å endre selskapsform frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap, og bør Oddrun vurdere ein slik overgang?

SWOT-analyse – Kva er dei sterke og svake sidene, og mogelegheitene og truslane til Frisøren?

Den økonomiske utviklinga har vore god. Sidan oppstarten i 2002, ser me ein jamn vekst. På grunn av tilsetting av lærling som har fortsett å arbeide i bedrifta etter at ho var ferdig utdanna, har arbeidskapasiteten og dermed kundegrunnet auka. Dette har bidrege til den økonomiske veksten.

Når det gjeld endring av selskapsform, har me kome fram til at det er lite å spare på ein slik overgang for Oddrun sin del. Ut frå våre data ser det altså ut til at den skattenøytraliteten som skattereformene i 1992 og 2004 la opp til, også verkar i praksis. Vel derimot Oddrun å investere betydelege summer i bedrifta, ville me råda ho til å endre selskapsform for å oppnå større økonomisk tryggleik.

Me har kome fram til nokre sterke og svake sider internt i bedrifta. Desse punkta skil seg i liten grad ut frå andre salongar på same storleik. Eksternt har me funne nokre moglegheiter og truslar for Frisøren. Moglegheitene er i stor grad tiltak som kan auke kundegrunnet og gjere arbeidskvardagen i salongen lettare. Me ser på konkurrentane og misnøgde kundar som dei største truslane til Frisøren.

KJELDER

Bøker

Fallan, Lars, *Innføring i skatterett 2007-2008 25.utgåve*, Gyldendal Akademisk, Oslo, 2007

Hellevik, Ottar, *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, Universitetsforlaget AS, Gjøvik, 2002

Jacobsen, Dag Ingvar, *Hvordan utføre undersøkelser? 2. utgåve*, Høyskoleforlaget, Kristiansand, 2005

Løwendahl, Bente R. og Wenstøp, Fred E., *Grunnbok i strategi 2. utgåve*, N.W. Damm & Søn, Oslo, 2003

Settøm, Oddbjørn, *Bedriftens finansregnskap 2.utgåve*, Los Forlag, Molde, 2006

Tellefsen, Jan Terje og Langli, John Christian, *Årsregnskapet 8.utgåve*, Gyldendal Akademisk, Oslo, 2005

Hefte/Notat

Liknings ABC, Skattedirektoratet, Oslo, 2008

Norsk offentlig utredning (NOU) 1989:14

Norsk offentlig utredning (NOU) 2003:9

Vesider

<https://www.altinn.no/no/hjelp-til-regelverk/starte-bedrift/for-du-starter/organisasjonsform/as/>

(21.01.09), (www.altinn.no)

<https://www.altinn.no/no/hjelp-til-regelverk/starte-bedrift/for-du-starter/organisasjonsform/enkelpersonforetak/>

(21.01.09), (www.altinn.no)

VEDLEGG

Vedlegg 1 – skatteutrekninger ved ulike lønsnivå

Post		Inntek/frådrag	Formue/gjeld
2.1	Løn og tilsvarende ytingar	250 000	
2.1.1	Løn, Frisøren AS	250 000	
2.8/4.3	Bustad og annan fast eigedom		180 938
4.3.2	Bustad i Luster		180 938
3.1./4.1/4.5	Renter, innskot, verdipapir, andre kapitalinntekter o.a.	1 808	84 969
3.1.1/4.1.1	Renter/innskot i COOP	49	3 094
3.1.1/4.1.1	Renter/innskot i Bank BORNA	1 759	77 814
3.1.6/4.1.4	Skattepliktig avkasting/formue av andelar i verdipapirfond		4 061
3.2	Frådrag i tilknyning til arbeidsinntekt o.a.	-63 800	
3.2.1	Minstefrådrag eiga inntekt	-63 800	
3.3/4.8	Renter/gjeld, andre kapitalkostnader og frådrag	-7 914	-416 923
3.3.1/4.8.1	Renter og gjeld		
	Renter og gjeld i Luster Sparebank	-30	-416 923
	Renter og gjeld KORT	-167	
3.3.9	Tap ved sal av andelar i verdipapirfond		
	Tap ved sal av andelar i verdipapirfond	-7 717	
4.1	Aksjar i Frisøren AS		174 319
3.6/4.9	Sum grunnlag for inntekts-og formueskatt	180 094	23 303

Merknader:

Her har me teke inn halve huslånet til Oddrun og Arne, fordi halve huset er ført opp som formue hjå kvar av dei.

Formueskatt til:	Grunnlag	Skatt/avgift
Staten	23 303	0
Kommune	23 303	0
Inntektskatt til:		
Staten, fellesskatt	180 094	23 502
Kommune og fylke	180 094	27 005
Trygdeavgift:		
Løn o.a. (7,8%)	250 000	19 500
Sum skattar og avgifter i skatteklasse 1E før skattefrådrag		70 007

Post		Inntek/frådrag	Formue/gjeld
2.1	Løn og tilsvarende ytingar	350 000	
2.1.1	Løn, Frisøren AS	350 000	
2.8/4.3	Bustad og annan fast eigedom		180 938
4.3.2	Bustad i Luster		180 938
3.1./4.1/4.5	Renter, innskot, verdipapir, andre kapitalinntekter o.a.	1 808	84 969
3.1.1/4.1.1	Renter/innskot i COOP	49	3 094
3.1.1/4.1.1	Renter/innskot i Bank BORNA	1 759	77 814
3.1.6/4.1.4	Skattepliktig avkasting/formue av andelar i verdipapirfond		4 061
	Frådrag i tilknyning til arbeidsinntekt		
3.2	o.a.	-63 800	
3.2.1	Minstefrådrag eiga inntekt	-63 800	
	Renter/gjeld, andre kapitalkostnader og frådrag	-7 914	-416 923
3.3/4.8			
3.3.1/4.8.1	Renter og gjeld		
	Renter og gjeld i Luster Sparebank	-30	-416 923
	Renter og gjeld KORT	-167	
3.3.9	Tap ved sal av andelar i verdipapirfond		
	Tap ved sal av andelar i verdipapirfond	-7 717	
4.1	Aksjar i Frisøren AS		174 319
3.6/4.9	Sum grunnlag for inntekts-og formueskatt	280 094	23 303

Merknader:

Her har me teke inn halve huslånet til Oddrun og Arne, fordi halve huset er ført opp som formue hjå kvar av dei.

Formueskatt til:	Grunnlag	Skatt/avgift
Staten	23 303	0
Kommune	23 303	0
Inntektskatt til:		
Staten, fellesskatt	280 094	36 552
Kommune og fylke	280 094	42 000
Trygdeavgift:		
Løn o.a. (7,8%)	350 000	27 300
Sum skattar og avgifter i skatteklassse 1E før skattefrådrag		105 852

Post		Inntek/frådrag	Formue/gjeld
2.1	Løn og tilsvarende ytingar	444 000	
2.1.1	Løn, Frisøren AS	444 000	
2.8/4.3	Bustad og annan fast eigedom		180 938
4.3.2	Bustad i Luster		180 938
3.1./4.1/4.5	Renter, innskot, verdipapir, andre kapitalinntekter o.a.	1 808	84 969
3.1.1/4.1.1	Renter/innskot i COOP	49	3 094
3.1.1/4.1.1	Renter/innskot i Bank BORNA	1 759	77 814
3.1.6/4.1.4	Skattepliktig avkasting/formue av andelar i verdipapirfond		4 061
3.2	Frådrag i tilknyning til arbeidsinntekt o.a.	-63 800	
3.2.1	Minstefrådrag eiga inntekt	-63 800	
3.3/4.8	Renter/gjeld, andre kapitalkostnader og frådrag	-7 914	-416 923
3.3.1/4.8.1	Renter og gjeld		
	Renter og gjeld i Luster Sparebank	-30	-416 923
	Renter og gjeld KORT	-167	
3.3.9	Tap ved sal av andelar i verdipapirfond		
	Tap ved sal av andelar i verdipapirfond	-7 717	
4.1	Aksjar i Frisøren AS		174 319
3.6/4.9	Sum grunnlag for inntekts-og formueskatt	374 094	23 303

Merknader:

Her har me teke inn halve huslånet til Oddrun og Arne, fordi halve huset er ført opp som formue hjå kvar av dei.

Formueskatt til:	Grunnlag	Skatt/avgift
Staten	23 303	0
Kommune	23 303	0
Inntektskatt til:		
Staten, fellesskatt	374 094	48 819
Kommune og fylke	374 094	56 095
Trygdeavgift:		
Løn o.a. (7,8%)	444 000	34 632
Toppskatt:		
Staten	444 000	3 960
Sum skattar og avgifter i skatteklassse 1E før skattefrådrag		139 547